



Rekordpublikum på Festidalen 2014.

Vi går inn i Palmehelga, og om veret vert slik det teiknar til ute no, kan det vera godt å mimra litt og sjå tilbake på gode stunder i fjoråret. Eit absolutt høgdepunkt i bygda var Festidalen som med sitt rikhaldige program hadde gode tilbod både til dei heilt unge og dei eldre. Reflektor Produksjoner har laga ein video frå festivalen.

Reflektor Produksjoner held til i Jondal, og dei leverer tenester innanfor lyd, video og ulike arrangement. Dei reknar Hardanger som primærområde for levering av tenestene sine. Festidalen-helga var dei i Uskedalen, og resultatet av besøket kan de kosa dåke med ved [å klikka her](#).

Tekst og nett: Thor Inge Døsland

Foto: Stig Framnes